



## Jerv i Naustdal – Gjengedal LVO

Ein har den siste tida dokumentert spor etter jerv i landskapsvernområdet. Fyrste dokumentasjonen var kring Årdalskupa. Den andre dokumentasjonen var kring Vonagarden og Vonastølen. Statens naturoppsyn ynskjer å få melding om spor og ev. prøvar av ekskrement som ligg i samanheng med eit spor.

### Korleis ta gode sporbilde:

- Ta mange bilde!
- Bilde av sporavtrykk med referanse. Ta bilde av spor med noko som har kjent målestokk. Eksempelvis briller, hanskar, snusboks eller hue.
- Bilde av sporrekke med referanse. Få med heile sporrekka og legg ved noko som har kjent målestokk. Eksempelvis skistav eller ski.
- Registrer posisjon om du har med GPS eller mobil med kartfunksjon.



### **Innsamling av ekskrement:**

- Om ein kjem over jervespor kor der ligg ekskrement er det ynskjeleg at dette blir samla inn.
- Ta eit par bilde av ekskrementet og sporet i lag.
- Registrer posisjon om ein har høve til det.
- Det er viktig at prøva ikkje blir forureina av anna biologisk materiale. Ikkje bruk fingrane! Bruk pinne, kniv eller anna. Det enklaste er å vrenge heile lorten inn i rein brødpose og ta den med heim.
- Legg den i frysen når du kjem heim og kontakt SNO.



Tips til påsketuren. Ta med eit par reine brødposar, eit målbånd og kamera☺

Kjem du over noko interessant vennleg kontakt.

**SNO Sandane**

Rune Holen

Mobil: 97 59 51 02

E-post: [rune.holen@miljodir.no](mailto:rune.holen@miljodir.no)